



Arkivnr: 2015/7064-53

Saksbehandlar: Marit Rødseth

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestinget		12.06.2018

**Strategisk utviklingsplan for Vestland fylkeskommune - oppstart av førebuande arbeid for regional planstrategi****Samandrag**

Regional planstrategi er ei obligatorisk planoppgåve for fylkeskommunen heimla i Plan- og bygningslova. Kvart fylkesting skal vedta ein planstrategi og neste planstrategi skal vedtas i Vestland fylkeskommune seinast eitt år etter konstituering.

Fellesnemnda har tilrådd fylkestinget at førebuingsarbeidet startar straks med fellesnemnda som politisk ansvarleg prosessorgan for begge fylka. Fellesnemnda innstiller i denne saka direkte til fylkestinget.

Arbeidet med å førebu ein ny regional planstrategi kan bidra til å styrke fylkeskommunens samfunnsutviklarrolle og binda dei to fylka saman før den formelle samanslåinga. Formelt startar strategiarbeidet når nytt fylkesting er konstituert.

Fylkesrådmannen vil koma attende til medverknad, innhald og framdrift når fylkestinget har gitt fellesnemnda oppdraget med førebuingsarbeidet. Fylkesrådmannen forventar at førebuingane omfattar eit kunnskapsgrunnlag og eit forslag til visjon, mål og strategiar som kan ligge til grunn for nytt fylkesting sitt arbeid.

På grunn av fylkessamanslåinga er det trøng for å revidera framdrift av planarbeid i gjeldande regionale planstrategi for Hordaland. Fire planoppgåver er foreslått å utsetja med formell oppstart til nytt fylkesting er konstituert, men arbeid med kunnskapsgrunnlag for planane kan likevel starte opp.

**Økonomi:** Saka har ingen direkte konsekvensar for økonomi i denne fasen

**Klima:** Saka vil føra til utsetjing av revisjon av regional plan for klima- og energi, men eit styrka samarbeid over fylkesgrensene på klimaområdet og auka fokus på kunnskapsgrunnlag kan kompensera for dette.

**Folkehelse:** Eit styrka samarbeid over fylkesgrensene om folkehelseoversikt kan gje positiv effekt for folkehelse på lengre sikt.

**Regional planstrategi:** Eit styrka samarbeid over fylkesgrensene om strategiarbeid er i tråd med målet i planstrategien om samarbeid i ein sterk vestlandsregion. Auka vekt på planlegging som del av samfunnsutviklarrolla vil gagne alle målsetjingane i planstrategien. Utsetjing av delar av planarbeidet kan svekkje gjennomføringa av regional planstrategi, men kan på lengre sikt styrke arbeidet mot dei måla strategien har sett for dei nærmaste åra.

**Forslag til vedtak**

1. Fylkestinget gir fellesnemnda fullmakt til å starte opp førebunade arbeid med regional planstrategi for den nye fylkeskommunen slik det er skissert i saksframlegget.
2. Fylkestinget utset oppstart av revisjon av regional plan for næring og lokalsamfunnsutvikling , regional plan for klima og energi og regional plan for kraftutbygging og ny regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar til nytt fylkesting er konstituert. Arbeid med kunnskapsgrunnlag for desse planane kan starte.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 16.05.2018

### Bakgrunn

Fylkeskommunane skal minst ein gong i kvar valperiode vedta ein regional planstrategi. Dette er heimla i Plan- og bygningslova ( pbl. §§ 7-1 og 7-2) og er den einaste planoppgåva som er obligatorisk for fylkeskommunen. Planstrategien skal vedtas av fylkestinget seinast eitt år etter at nytt fylkesting er konstituert. Regjeringa skal på si side fremja forventingar til kommunal- og regional planlegging i forkant av fylkeskommunens arbeid med planstrategi.

Planstrategien skal innehalde ein oversikt over vesentlege utviklingstrekk og utfordringar som fylket står framfor. Strategien skal setja overordna mål for utviklinga i fylket og gje eit oversyn over kva regional planar det er trond for i perioden. Fylkeskommunen skal i tillegg i medhald av lov om folkehelse § 21 utarbeida ein folkehelseoversikt som skal nyttast som fagleg grunnlag for arbeidet med planstrategien.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har begge ein planstrategi som gjeld frå 2016 til 2020. Neste planstrategi vil gjelda for det nye Vestland fylke og vedtas i det nye fylkestinget.

Det er krav om medverknad frå samfunnet i utforminga av strategien. Kommunar, statlege organ og regionale organisasjonar og viktige verksemder er alle relevante i prosessen. Strategien skal også gjennom ein høringsperiode før den kan vedtas av fylkestinget.

### Innstilling frå fellesnmnda om felles førebuing av neste planstrategi

Fellesnemnda handsama sak om oppstart av førebuande arbeid for regional planstrategi – strategisk utviklingsplan for Vestland fylkeskommune i møte 4.mai 2018. Fellesnemnda fatta slikt vedtak.

*Fylkestinget gir fellesnemnda fullmakt til å starte opp førebuande arbeid med regional planstrategi for den nye fylkeskommunen slik det er skissert i saksframlegget.*

I pkt 16 i reglementet « Fellesnemnd for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar» heiter det at dersom enkelte saker som vedkjem samanslåningsprosessen er av ein slik karakter at dei må handsamast særskilt i eitt eller begge fylkestinga, har fellesnemnda innstillingsrett i saka.

Fylkesrådmannen oppfattar dette som ei sak som vedkjem samanslåningsprosessen og at fellesnemnda dermed kan innstilla til dei to fylkestinga om å setje i gang førebuande arbeid med regional planstrategi i det nye fylket.

I Hordaland fylkeskommune er det fylkesutvalet som er planutval og som gir føringar for prosessane i planarbeid og for oppfølging av planar. I Sogn og Fjordane er det fylkestinget som har denne fullmakta. Fylkesrådmannen foreslå ei mest mogeleg likearta handsaming i begge fylka og legg saka fram for fylkestinget. Dette vil også gje fellesnemnda eit klårt mandat i arbeidet.

### Styrke samfunnsutviklaroppgåva

I fleire stortingsmeldingar om fylkeskommunens oppgåver er det peikt på at fylkeskommunen må leggja vekt på samfunnsutviklarrolla. Fylkeskommunen kan ha ein unik kunnskap om utfordringane i regionen og kan samordne både sektorar og forvaltningsnivå i arbeid inn mot felles mål. Regionalt planarbeid er viktige instrument for å utfylla denne rolla og utnytta handlingsrommet. Gjennom planarbeidet set ein mål for utviklinga, mobiliserer relevant samfunnsaktørar og samordnar verkemiddelbruk. Gjennom felles arbeid med førebuing av planstrategi vil ein både kunne utvikla samfunnsutviklarrolla i det nye fylket og byggja det nye fylket saman.

### Førebuing

Erfaringar frå samanslåingsprosessar er at eit overordna heilskapleg planarbeid kan vera eit godt middel for å binda fylka saman og utvikla ei felles oppfatning av utfordringar i det nye fylket. Erfaringane frå førre strategiarbeid er at det er ynskjeleg å starte tidleg mellom anna for å bidra til kommunane sitt tilsvarande arbeid.

Tidleg start av førebuingsarbeid vil sei oppstart tredje kvartal i 2018. Det nye fylkestinget vil stå for ein formell oppstart av strategiarbeidet på grunnlag av det forarbeidet som er gjort. Dette vil gje nytt fylkesting formelt ansvar for å gje retning og mål for utviklinga og vedta planstrategi med oversyn over komande planarbeid. Formelt vedtak av planstrategi vil på denne måten kunne koma tidlegare enn utan eit slikt forarbeid.

### **Organisering**

Det er ingen formelle krav i lovverket til korleis eit slikt førebuande arbeid skal organiserast. Men for å sikre god politisk forankring i begge fylka og ei effektiv organisering vil det vera tenleg at fellesnemnda er sentral i arbeidet og får fullmakt til vidare konkretisering av prosessen.

### **Medverknad**

Kommunane er sentrale samarbeidspartar i utforming og iverksetjing av regional planstrategi. Det er derfor naudsynt med gode prosessar og samspel med kommunane. Fylkesrådmannen foreslår at det blir gjennomført dialogmøte mellom fellesnemnda og kommunar der eit hovudføremål er å innhenta kommunane sin oppfatning av utfordringar som fylkeskommunen bør fanga opp i planstrategien. Statlege organ og relevante organisasjonar er også aktuelle for å bli invitert inn i arbeidet. Fylkesrådmannen vil koma attende til meir utfyllande plan når fellesnemnda startar sitt arbeid.

### **Innhald**

Planlegging skal fremje heilskapleg berekraftig utvikling, men det er ingen formelle krav til kva tema planstrategien skal omhandle. Dei aktuelle utfordringane og politiske prioriteringane avgjer innhaldet. Gjeldande planstrategi for Hordaland har fire delmål: Auka sysselsetjing, eit inkluderande samfunn, klima- og miljøvenleg utvikling og samarbeid i ein sterk vestlandsregion.

I gjeldande planstrategi for Hordaland er det peika på at det er trøng for ein felles strategi på vestlandet innan tema næringsutvikling, samferdsel og kultur.

Eit førebuande arbeid kan ha nytte av ei breiare tematisk tilnærming der ein opnar for analysar som ser det nye fylket under eitt. Dette kan gje nytt og felles grunnlag for utforming av mål. Det er i tillegg i samband med samanslåinga trøng for å byggje ein breiare plattform som kan gje eit betre grunnlag for dei nye politisk utvala å starte sitt arbeid i nytt fylkesting. Framtidig politisk utvalsstruktur og stortingets handsaming av eventuelle nye oppgåver for fylkeskommunen kan gje rammer for tematisk fokus i arbeidet.

Konkret ser fylkesrådmannen trøng for følgjande leveransar:

#### **Kunnskapsgrunnlag for utviklingstrekk og utfordringar**

I det førebuande arbeidet vil det vere vesentleg å etablere eit kunnskapsgrunnlag over utviklingstrekk og utfordringar på ulike samfunnssområder i det nye fylket.

Særleg gjeld dette i tilknytning til fylkeskommunen sitt ansvar for folkehelsestilstanden i fylket, jfr. Lov om folkehelse §21. Folkehelseoversikta skal liggja føre i forkant av regional planstrategi, jf. § 5 i forskrifta, og leggjast til grunn for arbeidet med strategien.

Dersom dette kunnskapgrunnlaget skal vera klart til konstituering av nytt fylkesting må arbeidet starte opp snarast råd hausten 2018.

#### **Visjon, mål- og strategidokument**

Dei formelle krava i lovverket, m.a. med vedtak av planstrategi i nytt fylkesting, og omsynet til god forankring av mål- og strategiarbeidet gjer at arbeidet med regional planstrategi er ein omfattande prosess som vil ta tid.

Det kan difor vere føremålstenleg at fellesnemnda også utarbeider eit eige visjon, mål- og strategidokument som fellesnemda vedtek. Fellesnemda kan då bidra med eit grunnlag for det nye fylkestinget sitt mål- og strategiarbeid fram mot endeleg formelt vedtak av den regionale planstrategien. Samstundes vil utvikling av eit slikt dokument i samanslåingsprosessen setje eit tidlegare og tydeleg fokus på fylkeskommunen si styrka rolla som regional samfunnsutviklar.

Visjon, mål- og strategidokumentet må vedtakast i fellesnemda før det nye fylkestinget er konstituert hausten 2019.

### **Ressursar**

Arbeid med felles kunnskapsgrunnlag og førebuing av ny planstrategi vil krevja ekstra merksemd og ressursar både i administrasjonen og i politiske organ i perioden fram til vedtak. Fylkesrådmannen vil syta for at administrasjonen er rusta til å gjennomføra den prosessen som fellesnemda legg opp til.

### **Justert framdrift for planarbeid i gjeldande planstrategi**

I vedtak av gjeldande planstrategi 2016-2020 blei det tatt etterhald om justeringar i høve til eventuelle beslutninger om samanslåing av fylke. Fylkesrådmannen har vurdert spørsmålet i høve til behov for felles plan og relevant planarbeid i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen ser det som tenleg å utsetje oppstart av fylgjane planarbeid til nytt fylkesting er konstituert:

Regional plan for nærings- og samfunnsutvikling - revisjon  
 Regional plan for klima og energi - revisjon  
 Regional plan for kraftutbygging - revisjon  
 Regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar - ny

Arbeid med kunnskapsgrunnlag for desse planane kan starte, men fortrinnsvis i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nytt fylkesting kan gje føringar for om desse planane skal utarbeidast for heile det nye fylket. Det same vil gjelde for relevante planar i Sogn og Fjordane.

Regional vassforvaltningsplan for Hordaland kan videreførast i samsvar med statlege føresegner og framdriftsplan. Arbeidet med regional plan for godshamn i Bergensområdet der det er vedtatt eit planprogram, kan videreførast i tråd med tilrådingar frå regjeringa om logistikkknutepunkt når dei ligg føre.

### **Fylkesrådmannens tilråding**

Fylkesrådmennene ser det som viktig og nødvendig å komme i gang med førebuande arbeid med regional planstrategi for det nye fylket, allereie no i samanslåingsprosessen. Dette for å setje eit tidlegare og tydeleg fokus på fylkeskommunen si styrka rolla som regional samfunnsutviklar allereie i samanslåingsprosessen, og samstundes sikre at den formelle prosessen med regional planstrategi vert gjennomført så tidleg som råd i den nye fylkeskommunen etter 2020.

Oppstart av eit slikt planarbeid vil og legge grunnlaget for ein god samanslåingsprosess gjennom eit felles kunnskapsgrunnlag for utviklingstrekk og utfordringar for den nye fylkeskommunen, samt utvikling av eit førebuande visjon, mål- og strategidokument.

Dersom fylkestinga gir fellesnemda fullmakt til å sette i gang førebuande arbeid med regional planstrategi for den nye fylkeskommunen, vil fylkesrådmennene så tidleg som råd legge fram sak for fellesnemda med forslag til organisering, gjennomføring og framdrift av det førebuande planarbeidet.

Fylkesrådmannen ser trong for å justera framdrifta i gjennomføring av planarbeid i gjeldande planstrategi. Det er aktuelt med felles plan for det nye fylket og det vil vera tenleg at nytt fylkesting gir føringar for dette.